

Svar på ope brev om digitale valkort

I ope brev til kommunedirektøren peikar Bømlo Pensjonistforening på at det i følgje Statistisk sentralbyrå er så mange som 800 000, som av ulike årsaker, ikkje nyttar digitale tenester. Dei er uroa over at det til Stortingsvalet 13. september i år vert innført digitale valkort, og lurar på korleis Bømlo kommune vil løyse denne utfordringa.

Alle som har røysterett i Norge får røysta sjølv om dei ikkje har valkort med seg. Det viktige er at dei tar med legitimasjon. Gyldig legitimasjon er sertifikat, bankkort med bilde eller pass. Personar som har reservert seg mot elektronisk post i kontakt- og reservasjonsregisteret, eller som ikkje har oppdatert eller stadfesta eigen kontaktinformasjon i registeret dei siste 18 månadane, vil framleis få valkortet i papirformat tilsendt i posten.

Eit digitalt valkort er meir tilgjengeleg enn eit papirvalkort. For alle med smarttelefon betyr det at valkortet alltid er med. Valkortet kjem fram til veljaren direkte sjølv om veljaren ikkje oppheld seg på folkeregistrert adresse, som til dømes studentar.

Bømlo kommune er medvitne om utfordringa med digitalt utanforskap. Difor har me eit samarbeid mellom biblioteket og frivillighetssentralen om opplæring i digitale tenester; frå bank til billettbestillingar, helsetenester, velferdsteknologi og kommunen sine nye nettsider. Dette er eit tilbod som har vore populært og som held fram utover hausten. Digital kompetanse er viktig for alle borgarar i Bømlo og me ser at eit ope tilbod er med på å styrke denne kompetansen.

I forkant av stortingsvalet 13. september vil me tilby hjelp til å laste ned det digitale valkortet. Det vil bli arrangert treff på Bømlo folkebibliotek. Tidspunkt vil bli annonsert på Bømlo kommune sine nettsider og i Bømlo-Nytt. Heimesidene til kommunen vil også ha dedikerte valsider der alt om stortingsvalet vert orientert om.

Kjetil Aga Gjøsæter,

kommunedirektør